

Kulturtilbod for barn og unge i Skåbu/Espedalen



Årsrapport og reknskap 2016

1. Styringsgruppa

Kulturtilbod for barn og unge i Skåbu/Espedalen er eit frittstående kulturtilbod, som blir administrert på frivillig basis av ei lokal styringsgruppe.

Styringsgruppa har i 2016 hatt desse medlemmane:

Eldri Ekre

Solveig Møllerplass Huse

Ola Veslum

Målfrid Maurstad

Mette Musdalslien

Turid Gillebo

Simen Iverstuen Blekastad / Jørgen Varpestuen (representant for barn og unge)

Styringsgruppa har i 2016 hatt 8 møter og behandla 31 saker.

2. Kulturtilbod

2.1. Animasjonsfilmkurs med Inger Christine Årstad.

Hausten 2016 heldt animasjonsfilmskapar Inger Christine Årstad kurs for barn og ungdom i Skåbu. Til dagleg jobbar ho ved Mjøsmuseet med ansvar for kulturhistorisk film og formidling. Ho har tidlegare produsert mange animasjonsfilmar saman med barn og ungdom i Oppland, også i Skåbu. 7 barn i alderen 8 – 12 år deltok på kurset, derav to frå Vinstra. Kurset gikk over 2 kveldar og to heile dagar.

Filmkurset produserte musikkvideoen «Finn Bikkjen». Den ligg ute på You Tube og er ein animasjonsfilm etter musikk av det bergenske bandet Casio Kids. Alle teikningane som er brukt i filmen er produsert av barna sjølve. Dei har også filma og animert på eiga hand etter instruksjon fra kursleiar. Dette er krevande prosessar og barna fekk mykje ros for stor arbeidsinnsats og iver. Dei fekk god innsikt i dei ulike prosessane og kor mykje arbeid det er å lage ein animasjonsfilm, både når det gjeld krav til utstyr samt tekniske og kreative ferdigheiter.



Finn Bikkjen

Inger Christine Årstad

sett 179 ganger. For 4 mnd siden

Musikkvideo laga av Vibeke, Sofia, Jelmer, Hallvard, Sigmund, Syver og Ruth. Skåbu, september 2016. Musikk: Casio Kids. <https://www.youtube.com/user/magica1304>

2.2. Akrobatikk – kurs 4. – 5. juni.

Vi hadde eit vellykka kurs i akrobatikk også denne gongen. Slike kurs har vi hatt fleire av og dei er svært populære blant dei yngste barna. Det var 12 barn fra 5 år og oppover.

Instruktør var som vanleg Maria Boge Bergum fra Lillehammer turnforeining. Barna fekk prøve seg på forskjellige øvingar på airtrack og trampett. Det var også ein del leik ute, for det var så fint vær. Barna fikk servert varm mat både laurdag og søndag, med frivillig hjelp av ein del foreldre. Som vanleg vart helga avslutta med framføring av det dei hadde lært og pyramide til stor glede for foreldre, besteforeldre og søsken.



2.3. Bogemakarkurs i november.

17 deltakarar frå 1.-6. klasse og ein del foreldre var fyrste helga i november samla i sløydsalen på Skåbu oppvekst for å delta på bogemakarkurs. Instruktørar på kurset var Per Onsrud og Erik Diserud frå Gjøvik. Onsrud vart kåra til årets bogemakar i heiltre i Ute-NM 2016. Deltakarane skulle lage seg ein langboge av heiltre samt streng og pilar. Dei fekk innføring i skyteteknikkar av Ola Klåpbakken frå Laugen bueskytterklubb og dei avslutta kurset med å teste sin eigen boge. Både ungar og vaksne var veldig fornøgde etter ei morosam og lærerik helg.



2.4. Gitarkurs haust 2016 – vår 2017

På gitarkurset utforska vi gitaren som musikkinstrument. Saman begynte vi å lære instrumentet frå grunnen av. Barna fekk spel-ferdigheiter å bygge vidare på som passa til allsidig bruk av instrumentet. Medan vi gjorde dette, prøvde vi å ha det koseleg og gøy!

Kurset gjekk på kveldstid over 8 torsdagar - 1 time per kveld i løpet av november 2016 og januar 2017.



2.5. Tresløyd våren 2016

I Skåbu og Gudbrandsdalen er det lange tradisjonar innan trearbeid. Dette er dessverre noko som står i fare for å «dø ut». Fortsatt har fleire barn ytra ønske om kurs i tresløyd. Dette tok vi tak i ved å setje opp nytt kurs med lokal kursleiar. Kursleiar var Ola Veslum som hadde med seg Rune Haugen som hjelper. Barna vart delt i to grupper. På den yngste gruppa var det 7 elevar, på den eldste gruppa 6 elevar. I år var målet å lage ein trehest. Trehesten var ferdig utsagd og elevane arbeidde med å forme den med kniv og treskjærarjern. Resultatet vart mange fine hestar!

Kurset gjekk over 6 kveldar.



2.6. Thaimatkurs ved Surina og Stefan Austheim

Våren 2016 heldt Surina og Stefan Austheim thaimatkurs i Skåbu. Dei er til dagleg vertskap ved Helvete Kro & Restaurant. Kurset var populært og det var 9 deltakarar, 6 barn og 3 vaksne. Her var det moglegheit for foreldre å vere med. Barna satte pris på vaksendeltaking. Det var god stemning då vaksne og barn laga mat saman og ikkje minst ved sjølve måltidet.

Surina Austheim var dyktig til å gi kunnskap om råvarer, smarte måtar å kutte grønnsaker på og tilbereding av fisk og kjøtt. Ho viste korleis ein kan bruke norske råvarer som f.eks. elgkjøtt som hovudingrediens i thaimat. Dette var spanande og kreativt. Deltakarane fekk spesielt mykje informasjon om krydder og grønnsaker som ikkje er så vanleg å bruke i «det norske kjøkkenet». Surina Austheim slutta kurset med å gi kvar enkelt deltakar eit oppskriftshefte med alle rettane dei hadde laga i løpet av kurset.

Styringsgruppa vil arrangere eit makant kurs i 2017 då dette er blitt etterspurt av både vaksne og barn.



3. Fellesavslutning

20. novmeber 2016 var det fellesavslutning for alle barn og unge som hadde deltatt på kulturtilbod i året som var gått. Familie og instruktørar var også invitert. På Skåbu Bygdahus vart alle ønskt velkomen med fingermat med bl.a råkåfisk frå Skåbu. Før sceneprogrammet begynte, viste ungane stolte fram sjølv laga treprodukt, bogar og teikningar. Vi hadde filmkavalkade med alle 3 filmane som har blitt produsert på kurs dei siste 3 åra, samt årets animasjonsfilm «Finn bikkjen».

Undervegs hadde vi lysbilete som viste litt frå dei forskjellige kursa.

Alle barn og unge som hadde delteke på kurs dette året fekk utdelt kursbevis.

Det var stas at ordførar Rune Støstad og avisa Dølen ved Bjørn Sletten dukka opp.



4. Deltaking

Kulturtilbod	Antal deltakarar
Animasjonsfilm	7
Akrobatikk	13
Bogemakar	17
Gitarkurs	3
Tresløyd	13
Taimat	9
Sum	62

Som det framgår av tabellen, har 62 delteke på kulturtilboda i 2016.

Nokre barn og unge har vore med på fleire kurs, 2 vaksne var med på thaimat, 2 elevar frå andre skuler i Nord-Fron var med på animasjonskurs og 3 utanfrå (dvs. buande på hytte i Skåbu) var med på akrobatikk. Dvs. at 55 av kursplassane har vore brukt av elevar ved Skåbu Oppvekst.

Skuleåret 2016/17 går det 35 elevar fra 1 – 10 klasse.



5. Årsreknskap

Samla sett har vi i år eit årsreknskap som ligg jamnt opp mot det budsjetterte reknskapet. Bogemakarkurset vart kostande ein del meir enn budsjettert. Dette på grunn av stor påmelding. Pristilbodet vårt gjekk på kostnad pr. elev. Då elevtalet auka, så auka naturlegvis også kurskostnaden. Gitarkurset vart ein god del rimelegare enn budsjettert fordi vi fekk lokal instruktør som det ikkje påløpte reisekostnadar til.

Styringsgruppa fekk utbetalt kr 85.000,- av det kommunale tilskotet som à-kontobeløp, etter å ha lagt fram årsplan og –budsjett for 2016. Dette vart utbetalt i april 2016.

Reistbeløpet på kr. 6125,- vart utbetalt i desember 2016 etter å ha lagt fram eit førebels reknskap i desember. Revidert reknskap skil seg lite ut frå det førebelse som vart grunnlaget for reistutbetalinga.

Skåbu 16. februar 2017

For styringsgruppa

Turid Gillebo

Inntekter:	Resultat	Budsjett
Fra Nord-Fron Kommune	91125	100000
Elevinnbet. Animasjonsfilmkurs	3850	6600
Elevinnbet. Akrobatikk helg	6500	4900
Elevinnbet. Buemakerkurs	5344	3500
Elevinnbet. Gitarkurs	1020	2750
Elevinnbet. Tresløyd	6544	2750
Elevinnbet. Taimatkurs	5400	5500
Tap elevinnbetaling	-1812	
Renteinntekter	37	0
Sum inntekter	118008	126000
Kostnader:		
Animasjonskurs		
Honorarer	38862,15	40000
Kostnader i forb.med animasjonskurs	2133	
Akrobatikk		
Honorar kursleder	7500	7000
Kostnader i forb. Med akrobatikk	1903	1500
Buemakerkurs		
Honorar kursleder	22100	15000
Kostnader i forb med buemakerkurs	3226	5000
Gitarkurs		
Honorar	3000	8000
Materialer		3000
Tresløydkurs		
Kostnader kursledere	11250	13000
Kostnader i forb. Med tresløy		2000
Taimatkurs		
Kursleder Taimat	13902,95	12000
Materialer	5000	3000
Forsikring	2087	2500
Fellesavslutning	4484	7000
Administrasjonskostn	5066	7000
Sum kostnader	120514	126000
Resultat	-2506,1	0

Regnskapet er rividet, og jernet i orden!
16/2-17 Tore Jørn Erlesen


SKÅBU REGNSKAP AS
Org.nr 997 947 118 MVA
2643 SKÅBU
TLF. 977 37 214